

**Dønhaugkjedlaren var i 2004 arena for ein musikkvideo som EDO spela inn på låten "Lubbesild og kalde pote". Saken har vorte aktuell nå fordi vidoen er å finna på NRK 2 – i Dansefot-svisj som blir sendt frå kl. 00.40 til 04.00 kvar natt til søndag.**

For at den skal bli vist må sjåarane senda ein, eller helst mange, SMS med kodeord -V 5354 - til 1987 medan programmet er på lufta, helst med ein gong det startar (kl.00.40). v 5354 er nummeret på "Lubbesild"-låten. Dei videoane som får flest stemmer blir vist.

Det er ikkje kvar dag eit Kvinnherad-orkester er med på Dansefot-svisj på NRK 2. Det er allereie mange kvinnheringar som har sett og stemt på "Lubbesilda".

Ove Eikemo i EDO fortel til uskedalen.no at det heile starta med at bandet gjekk i studio i 2004 for å spela inn nokre sjølv laga låtar for kanskje å kunne gje ut ei ED-plate. Det byrja med "Lubbesild og kalde pote" pluss eit par til. Så kom ideen om å laga ein musikkvideo til "Lubbesilda".

- Og då var ikkje noko meir naturleg enn å bruka Dønhaug som kulisse. Det var den perfekte staden for si slik innspeling, seier Ove.

Magne Huglen tende på ideen og Karl Petter Vårdal vart engasjert til å filma. Det vart skreve eit slags manus og skodespelarane vart henta frå den indre krets. Kjerringa i filmen blir glimrande tolka av Nanny Hommedal Eikemo og gubben blir spela av Lars. Heile filmen vart laga på nokre timar ein laurdag, Opplegg, ide og regi var ved EDO.

- Og kva skjedde etterpå?

- Etter filminnspelinga gjorde me ideen om ein CD til verkelegheit. Den inneheld 12 sjølv laga låtar og er gjort kjent gjennom radio og no NRK 2. To låtar som er spela både titt og ofte ved sida av "Lubbesilda" er "Bygdafest" og "Vestlandet".

Av Ola Matti Mathisen